



7.klasse klare til kantine.

Fredag før vinterferien var det ei vellukka kantine på Uskedal skule der Elins Matgleder stilte med lopskaus. I dag var det ny kantine. Fiskeburger var på menyen, og denne gongen var det Hjønnevåg som sponsa. Frå rektor Lilli Britt Urheim har vi fått denne reportasjen med desse koselege bileta:



2.klasse nyt fiskeburgerar og ser film.

'I god påsketradisjon, arrangerte 7. klasse kantine for heile skulen i dag. Menyen bestod av fiskeburger med gode fiskekaker me har fått hos Hjørnevåg i tillegg til 7. klasse sine sjølvbaka skulebollar. Først vart fiskeburgerane servert før alle kunne kosa seg med kvar sin skulebolle. 7. klasse stod på og «kokkelerte» og organiserte slik at det var klart til første runde med servering litt før lunsj. Stemningen var god overalt! Slike arrangement som å ha kantine gjer noko med oss og gjer skulekvardagen positiv og samlande.'

Uskedalen.no har hatt fleire kjekke reportasjar frå skulen i det siste. Det er svært god driv på skulen med gode lærerike og miljøskapande tiltak. Vi har absolutt inntrykk av at elevar og tilsette jobbar gode saman og 'gjer kvarandre gode', som det heiter.



Fiskeburger



Skulebollar til dessert.



Mats syntes det var veldig godt.



D.agny ville ha ketchup på



Nokre syntes fiskekako var best.

Tekst: Lilli Britt Urheim/Thor Inge Døssland  
Foto: Lilli Britt Urheim  
Nett: Thor Inge Døssland